



Vestre Slidre kommune

2966 Slidre

Dykkar referanse

Vår referanse  
2007/7582 461.2 MD

Vår dato 19.12.2007

## Utsleppsløyve for Røn reinseanlegg

Med heimel i § 18 i lov om vern mot forureining og om avfall (forureningslova) av 13. mars 1981 (jf forureiningsforskrifta § 14-16) endrar Fylkesmannen i Oppland utsleppsløyvet av 24.9.1999 for Røn reinseanlegg.

Røn reinseanlegg tek i mot avløpsvatn frå Røn og Slidre tettbusetnader. Etter definisjonen av tettbusetnad i forureiningsforskrifta, er områda knytte til Røn reinseanlegg å sjå som ein tettbusetnad. Tettbusetnaden er fastsett til samla å utgjere 2500 pe (1 pe = 60 g BOF<sub>5</sub>/døgn).

Røn reinseanlegg er plassert i risikoklasse 4.

For å sikre tilfredsstillande miljøresultat i Strandefjorden og Begna, må krav til reinsing førast vidare på same nivå som i eksisterande utsleppsløyve for Røn reinseanlegg, jf. forureiningsforskrifta § 14-17. For å få betre samsvar mellom gjeldande konsentrasjonskrav i utsleppsløyve og reinseffektkravet i forureiningsforskrifta, er kravet til reinseffekt for fosfor auka til 92 %. Dette samsvarer også med krav som blir stilt til tilsvarende utslepp i vassdraget.

Løyvet gjeld i tillegg til forureiningsforskrifta del 4, jf kap. 11, 12, 14 og 15-15A.

## Bakgrunn

Utsleppsløyvet gjeld kommunalt avløpsvatn frå Røn reinseanlegg. Alle område knytte til reinseanlegget er i avløpssamanheng ein tettbusetnad. Endring av utsleppsløyvet er gjort på bakgrunn av føringar frå Miljøverndepartementet og Statens forureiningstilsyn (SFT) i samband med at forureiningsforskrifta vart sett i kraft.

Relevante krav frå kap. 11 og 14 i forureiningsforskrifta er tekne inn i løyvet. Vilkår i tidlegare utsleppsløyve og reinsekrav av 6.12.2004, er også tekne inn i dette løyvet.

Forslag til oppdatering av utsleppsløyvet blei sendt kommunen med brev av 22.8.2007.

---

<b>Besøksadresse</b>	<b>Postadresse</b>	<b>Fakturaadresse</b>	<b>Telefon</b>	<b>Sakshandsamar, innvalstelefon</b>
Statens Hus	Serviceboks	Fakturamottak SSØ	61 26 60 00	Magne Drageset, 61 26 60 72
Storgata 170	2626 LILLEHAMMER	Postboks 4104	<b>Telefaks</b>	<b>Elektronisk post</b>
Lillehammer		2307 HAMAR	61 26 61 67	postmottak@fmop.no
			<b>Org. nr.:</b>	<b>Internett</b>
			970 350 934	<a href="http://www.fmop.no">http://www.fmop.no</a>

Kommunen skal betale gebyr for kontrollar med at vilkåra i utsleppløyvet blir overhaldne, jf forureiningsforskrifta kap. 39, og Fylkesmannens brev av 12.11.2007 om kontrollordninga og fastsetjing av kontrollklasse for reinseanlegget.

Fylkesmannen har ikkje motteke merknader til forslaga.

## **Grunngjeving for vedtaket**

Storleiken på tettbusetnaden skal fastleggjast ut frå maksimal veketilrenning til reinseanlegget. Måledata som ligg føre viser varierende tilrenning, men gjev ikkje grunnlag for å fastsetje maksimal veketilrenning. Storleiken er derfor fastsett ut frå kapasitet på reinseanlegget. Det må gjennomførast tilstrekkelege målingar for å fastlegge maksimal veketilrenning, jf NS 9426. Utsleppet frå Røn reinseanlegg skjer i følsamt område, med krav om fosforfjerning, jf forureiningsforskrifta § 11-6, vedlegg 1. Gjeldande reinsekrav omfatar også fjerning av organisk stoff (sekundærreinsing).

For å sikre tilfredsstillande miljøresultat i Strandefjorden og Begna, blir krava til reinsing i eksisterande utsleppsløyve for Røn reinseanlegg vidareført, jf forureiningsforskrifta § 14-17. For å få betre samsvar mellom gjeldande konsentrasjonskrav i utsleppsløyvet og reinseeffektkravet for fosfor i forskrifta, er kravet til reinseeffekt auka til 92 %. Dette samsvarer også med krav som blir stilt til andre, tilsvarende utslepp i vassdraget.

## **Vilkår for utsleppsløyvet**

### **1. Generelt**

Etterfølgjande vilkår gjeld for løyvet.

Kommunen har plikt til å hindre at utsleppet fører til unødvendig forureining, jf forureiningslova § 7. Det er også kommunen sitt ansvar å sørge for at utslepp av komponentar som det ikkje er sett spesifikke grense for i dette løyvet, blir halde på eit nivå som ikkje fører til skade eller ulempe for omgivnaden. I vurdering av kva som er unødvendig, skal det leggjast vekt på om skadar eller ulemper i naturen som følgje av forureininga, kan reduserast med tilgjengeleg teknologi til rimelige kostnader for kommunen.

### **2. Reinsekrav**

#### *Fosforfjerning:*

Ein reinseprosess der fosformengda i avløpsvatnet, som årsgjennomsnitt ikkje overstiger 0,4 mg P/l ved utslipp, og reduserast med minst 92 % i forhold til det som blir tilført reinseanlegget.

Krava i brev av 6.12.2004 til fosforkonsentrasjon i enkeltprøver gjelder framleis.

Dette samsvarer med kravet i forureiningsforskrifta § 14-13 til enkeltprøver på organisk stoff.

#### *Sekundærreinsing:*

Ein reinseprosess der både

- 1) BOF<sub>5</sub>-mengden i avløpsvatnet reduserast med minst 70 % i forhold til det som blir tilført reinseanlegget eller ikkje overstiger 25 mg O<sub>2</sub>/l ved utslipp, og
- 2) KOF<sub>CR</sub>-mengden i avløpsvatnet reduserast med minst 75 % i forhold til det som blir tilført reinseanlegget eller ikkje overstiger 125 mg O<sub>2</sub>/l ved utslipp.

Jf. pkt. 9 nedanfor med omsyn til vurdering av enkeltprøver og analyseresultat.

### **Avløpsnett**

Bygging, drift og vedlikehald av avløpsnett skal skje i samsvar med krava i forureiningsforskrifta § 14-5.

### **4. Utforming og drift av reinseanlegg**

Dimensjonering, bygging, drift og vedlikehald av reinseanlegg skal skje i samsvar med krava i forureiningsforskrifta § 14-10.

### **5. Oljehaldig avløpsvatn**

Avløpsvatn som inneheld olje skal handsamast i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 15.

### **6. Utsleppstad**

Avløpsvatnet frå reinseanlegget skal sleppast ut i Strandefjorden på 18 m djup 250 m frå strandkanten. Utsleppsarrangementet skal vere plassert og utforma slik at verknaden av utsleppet på resipienten blir minst mogleg.

### **7. Lukt**

Bygging, drift og vedlikehald av avløpsanlegget skal skje på ein slik måte at omgivnaden i minst mogleg grad blir utsett for sjenerande lukt.

### **8. Støy**

Bygging og drift av avløpsanlegget skal gjerast slik at støyulemper for omgivnaden blir minst mogleg, jf. tilrådde støygrenser for industri i *Retningslinjer for støy i arealplanlegging, T-1442*.

### **9. Prøvetaking, analysar og vurdering av analyseresultat**

Krav til prøvetaking, analysar og vurdering av analyseresultat går fram av forureiningsforskrifta kapittel 14, §§ 14-11 til 14-13 og kapittel 11, vedlegg 2.

### **10. Resipientovervaking**

Fylkesmannen kan fastsetje krav til kommunen om deltaking i vassdragsovervaking eller liknande tiltak, jf. forureiningsforskrifta § 14-9 og forureiningslova § 51.

### **11. Varsel om avvik**

Kommunen pliktar å varsle Fylkesmannen snarast dersom utsleppet er overskride med 100 % i høve til reinsekrava, eller viktige deler av anlegget er ute av drift. Varsel om avvik skal innehalde informasjon om årsak og tiltaksplan. Det kan knytast tvangsmulkt til pålegg om retting av avvik og utsette tidsfristar, jf. kap. 9, § 73 i forureiningslova.

### **12. Rapportering**

Årlig rapportering skal vere i samsvar med forureiningsforskrifta § 11-5. Frist for rapportering er 15. februar. Årsrapporten skal omfate reinseanlegg, transportsystem, slamdisponering, eventuelle resipientgranskingar og økonomiske forhold. Rapporterte data skal vere kvalitetssikra.

### **Klagerett**

Krav som går fram av forureiningsforskrifta, og krav i gjeldande utsleppsløyve pr. 1.1.2007 som vert vidareført i dette løyvet, er ikkje gjenstand for klage. Krav som er endra, og tilleggskrav, kan etter forureiningsforskrifta § 41-5, klagast til Fylkesmannen innan 3 veker

frå melding om vedtaket er motteke. Eventuell klage skal grunngjevast og sendast til kommunen.

Kristin Hille Valla

Sigurd Tremoen e.f.

avdelingsdirektør

Vedlegg:

Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskrifta) kap. 11-15A